



Statens vegvesen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2410 - 16/712

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
11.01.2016


Til uttale - trondhjemske postveg som tilkomst til gbnr 56/9 Hundvin

I samband med oppføring av nytt våningshus har Lindås kommune motteke søknad om avkjørsle frå kommuneveg med ny tilkomstveg til eigedommen. Denne tilkomsten kjem delvis i traseen til «den trondhjemske postvei».

Eg er usikker på både traseen og kva status den gamle postvegen har.

Tiltakshavar opplyser i e-post til kommunen:


«Den Trondhjemske postvei er en statlig eiet vei og kan nyttes og oppgraderes til dagens standard. Veien ble opprinnelig bygget i en bredde på 6 til 7 alen. Informasjonen du søker får du enklest hos Nils Nonås i statens vegvesen.»



På dette kartutsnittet er postvegen vist som traktorveg

Planstatus

Arealbruken i kommuneplanen er LNF. Eg har ikkje fått avklart om våningshuset og vegen er i samsvar med aralføremålet, eller om det må søkast om dispensasjon.



Eg ber om uttale frå dykk som vegforvaltar og kulturstyresmakt.

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonsplan
56-9_kart

Mottakarar:

Hordaland fylkeskommune, Statens
vegvesen
Statens vegvesen